

Nye-ordføraren til Uskedalen i november.

17.09.2015



Vår komande ordførar vil møta uskedelingane. Her ser vi han saman med den komande varaordføraren.

Etter kommunevalget mandag er det allereie no klart at den nye ordføraren heiter Peder Sjo Slettebø, medan Hans Inge Myrvoll vert varaordførar. Då dette vart klart sende Uskedal Utvikling ved Kristian Bringedal helsing og invitasjon til nye-ordføraren, og han har alt stadfesta at han kjem til ope møte i Uskedal Utvikling onsdag 4.november.

Kristian Bringedal påpeika i brevet til Sjo Slettebø at Uskedalen kom därleg ut ved valet, men at vi trass i dette skal kunna klara å halda fram det gode arbeidet når det gjeld bygdeutvikling og profilering. Han ønskjer eit godt samarbeid med politikarane og inviterer den komande ordføraren til novembermøtet i Uskedal Utvikling. Han nemner sentrumsutvikling, skule og barnehage, trafikksikring, bustadbygging, turisme og næringsliv som aktuelle saker for møtet.

Invitasjonen vart sendt i går, og allereie i dag kom e-posten med positivt svar frå Sjo Slettebø. Han skriv der at han ser fram til å samarbeida med Uskedal Utvikling, takkar for invitasjonen og stadfestar at han stiller på møtet.

Sjo Slettebø skriv at det er beklageleg at Uskedalen vert utan representasjon i kommunestyret den komande perioden, men han er viss på dei skal syta for å ivareta bygda sine interesser på ein god måte likevel. I den samanhengen er samarbeid viktig. Han skriv også at Uskedalen er viktig for Kvinnherad, og at det er imponerande kor mykje positivt arbeid som blir gjort i bygda.

Onsdag 4.november ønskjer altså komande ordførar Peder Sjo Slettebø å møta bygdefolket på møte i Gamleskulen. Det vert ein fin anledning for oss å koma med gode innspel.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen